



Tore Kårbø
Kårbø 35
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1278 - 18/16618

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
13.08.2018

Svar på tilkopling til kommunalt VA-anlegg - GBNR 52/5

Viser til motteke e-postar om tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Meland kommune vil ikkje ta arbeidet med graving av vegen, men vi vil dekke **kostnaden** med kryssing/graving, jf. Utval for drift og utvikling sitt vedtak, datert 17.04.2018. Kostnaden som blir dekkta vil vere basert på det rimelegaste tilbudet frå entreprenør på kr 27 500 og ikkje det dyreste på kr 48 500. Vi kan likevel ikkje bestemme kva firma du skal velje. Du står derfor fritt til å velje eit firma som tek høgare pris for kryssing/graving i veg. Du må då sjølv dekkje mellomlegget.

Du skriv også at du ønskjer at kommunen skal ta deler av kostnaden med ei sjølvfallslysing. Dette kan ikkje kommunen gjere ettersom kommunen ikkje dekker tilkoplingskostnader for private.

Når det gjeld traséval er dette noko kommunen ikkje legg seg bort i. Du står fritt til å velje trasé og tilkoplingspunkt. Vedlagt følgjer kart over det kommunale leidningsnettet.

Du viser til at fristen på 6 månader for å kople seg på det kommunale anlegget er i kortaste laget. Meland kommune vurderer tidsfristen som rimeleg for at du som grunneigar har tid til å rette deg etter pålegget. Dersom du meiner du har spesielle årsaker til å få utsatt frist må du søke om dette særskilt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart over VA - gbnr 52.5

Mottakere:

Tore Kårbø

Kårbø 35

5917

ROSSLAND